

## 2026-04.07. Referat frå medlemsmøte

Arvid ønskte alle velkomne til møtet med vel overstått påske.

I april er det mange medlemar i seniorklubben som har bursdag, og i dag 7. april er det 4 stk.

Navnedag 7. april: Oddveig og Oddvin.

Narredagen er 1. april, og tradisjonen med denne kom til Norge 1500 eller 1600-talet, vart rekna som Judas i Skariot sin fødselsdag og såleis betrakta som ein ulukkesdag.

April er 4. månaden i året og er oppkalla etter kjærleiksguden Afrodite. På primstaven er 14. april merka som sommarhalvårets 1. dag, og ifølge eldre tradisjon har denne dagen; frost og snø varslar ein kald vår, medan ein varm 14. april-dag spådde ein god sommar.

Påske er ofte i april, men kva tid?

Det vert 1. søndag etter 1. fullmåne etter vårjevndøgn; altså tidlegast 22. mars og seinast 25. april.

Bjørnstjerne Bjørnson var svært glad i april og har mellom anna skrive diktet «Jeg velger meg april».

Så ha me 9. april, som er ein merkedag, men ein vond sådan.

Etter litt info om april, vart det allsong med hjelp frå You Tube:

Songen var «Kommer nå, våren kommer nå», med tekst og musikk av Stein Ove Berg.

Det vart så åresalg med ein omgang med årer der trekning var synt på storskjerm

Når trekning på årer var ferdig vart dert servert kaffi og mat.

Etter måltidet hadde Arvid litt info frå styret;

Me har erfart at der er uheldige kollisjonar mellom avtivetar i dei ulike pensjonistlaga, noko medlemene våre også har kommentert. Klubben kontaktar andre pensjonistlag for invitasjon til samarbeid for info om aktivitetar og aktuelle datoar.

Tilskott frå Equinor er komt på konto, kr. 195.500.- Antal medlemar pr. 7. april er 265, og styret er nøgd med innbetaling av medlemskontingenten for 2026.

Nytt er også at møterefertat frå styremøta er lagt ut på heimesida. Til neste styremøte 21. april vert både turnemnd og festnemnd invitert for å avklara både krav og forventningar samt andre spørsmål.

**Info frå turnemda v/Jan Arild:**

Turen til Hardanger vert det diverre ikkje noko av grunna for få påmelde. Turgruppa skal ha nytt møte før 21. april, ingenting konkret enno.

**Info frå festnemnda v/Gyda:**

Ingenting konkret enno, skal ha møte 15. april.

Etter info frå turnemda og festnemnda vart det Quiz med spørsmål frå OL

Spørsmåla vart delt ut til alle bord, og fasiten vart til slutt synt på storskjerm.

Premie vart 1 pose twist til dei 4 flinkaste borda.

Neste medlemsmøte vert tirsdag 5. mai.

Me får besøk av Reidar Konglevoll som vil kåsera om kvinner si rolle under 2. verdskrig.

Reidar Ulvøy og Kåre Tvedt kjem på ny og vil dela siste informasjon etter møte med kystverket no etter påske. Dei vil også prøva å få med seg Per Lerøy.

Arvid takka for frammøte og ønskte alle vel heim.

Mvh

Ottar Rosnes